

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Høyringsfråsegn om: "Forslag til endringer i opplæringsloven og privatskuleloven - nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen m.m"

Det vert vist til høyringsbrev ds. 04.10.11

Sjustjerna er eit regional samarbeid mellom dei sju kommunane på Søre Sunnmøre. Vi vil nytte høvet til samla å kome med fylgjande høyringsfråsegn:

Sjustjerna vil langt på veg støtte KS i deira høyringsfråsegn ved å gi uttrykk for at dette ikkje er ei endring vi finn føremålstenleg for å auka kvaliteten i skulen. At effekten av auka lærartettleik er likt med auka læringsutbytte er ikkje dokumentert. Det er mange andre faktorar, som også er omtalt i forslaget, som gir utslag for kvaliteten på undervisninga og elevane sitt læringsutbytte.

Ei eventuell innføring av kravet om lærartettleik vil måtte vere på kommunenivå og ikkje på skulenivå. Skulle det verte ei sentral endring, er også vi i Sjustjerna opptekne av at det må fylgje med nye friske midlar til å finansiere auka av lærartettleiken. I samsvar med auka krav til kompetanse for å undervise, vil det vere naturleg å sjå for seg at også lønskostnadane vil stige. Å rekruttere nok lærarar på kort sikt vil vere ei utfordring som kanskje spesielt i mindre distriktskommunar vil vere nærast uoverkommeleg. Resultatet vert då ein auka bruk av ufaglærte.

I staden for rigide vedtak om storleik på grupper og lærartettleik knytt til slike grupper, ynskjer vi rettleiande normer for t.d. storleik på gruppene. Ikkje ei detaljstyring som vil frårøve den einskilde kommune høvet til å ta lokale omsyn ut i frå lokalkunnskap om både elevmasse, bygningsmasse og lærarkompetanse og dei ressursane ein til ei kvar tid har til rådvelde.

Sjustjerna ynskjer med dette ikkje å støtte forslaget til endring i opplæringslova og privatskulelova om innføring av minstenorm for lærartettleik.

I høve innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar som nyleg er komne og opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), har vi ingen kommentar.

For Sjustjerna 19.12.11:

Gunnvor Strand

Regionkontakt


Idun Lee Hofset